

A wooden signpost stands in a forest. The signpost consists of three vertical wooden posts and a horizontal wooden beam across the top. The beam has the text "ROGALAND ARBORET" carved into it. The background is a dense forest of tall evergreen trees under a clear blue sky. The ground is covered with dark mulch and small evergreen plants.

ROGALAND ARBORET

Årsmelding for 2008



Raudeik (*Quercus rubra*) frå N-Amerika kan få vakre haustfargar.

Stiftelsane Rogaland Arboret og Bjørn A. Stangebyes minnefond til beste for Rogaland Arboret

Årsmelding for 2008

STYRET

Etter Representantskapsmøtet 28.04.2008 har samansetningen vore slik:

	på val	Vararepresentantar:	på val
Ragnvald Albretsen, formann	2009*)	Reidunn Oline Skadsem (1)	2010
Ivar Sørensen, nestformann	2010	Nina-Elisabeth Molven (2)	2010
Aase Lærdal	2009	Eli Berg (3)	2010
Martha Lea	2010		
Gro Persson	2010		
Olav Folkvord	2010		
Ole Harald Myklebust	2010		
John Ivar Lima	Fast medlem som driftsleiar		

*) Formannen er på val kvart år

Faglig utvalg

Per Harald Salvesen	01.07.2010
Ole Lima	01.07.2010
Inge Christ	01.07.2009
Finn Ervik	Fast medlem som vitenskapeleg medarbeidar
John Ivar Lima	Fast medlem som driftsleiar

ANDRE STYRINGS- OG ARBEIDSORGAN

Representantskapet

20 medlemmer med personlege varamedlemmer.

Ordførar i Representantskapet	Kåre Hauge, årleg ordførarval
Rekneskapskontor	Teamregnskap AS
Revisor	PricewaterhouseCoopers DA
Valgkomité – årleg val	Mindor Jelsa, leiar
	Kjerstin Ropeid
	Arne Øvstebø

Arbeidsgrupper

Budsjettgruppa: Ragnvald Albretsen, Ivar Sørensen og John Ivar Lima

Arbeidsgruppa for undervisningsopplegget: Martha Lea, Tore R. Nielsen, Gerny Nedrebø, Bjørn Håland, Finn Ervik og John Ivar Lima.

Møte

Representantskapet	1 ordinært møte
Styret	5 ordinære møte
Faglig utvalg	1 ordinært møte
Undervisningsgruppa	6 ordinære møte

Representantskapsmøtet 28.04.2008

16 av 20 representantar møtte, og møtet var dermed vedtaksført. Frå Styret møtte Ragnvald Albretsen, Ivar Sørensen og Martha Lea. Frå staben møtte Jøran Oseland. Møtet blei leia av ordførar i Representantskapet, Steinar Borgen.

Konstituering

Som referent blei vald Ivar Sørensen. Inger Lise Erga og Hans Petter Tønnesen blei valde som medunderskrivarar av protokollen.

Årsmelding, rekneskap og revisjonsmelding blei samrøystes godkjende utan merknader.

Val

Alle val var i samsvar med valkomitéen sitt forslag.

Ingen styremedlemmer eller varamedlemmer var på val dette året.

Formann. Ragnvald Albretsen blei samrøystes attvald ved akklamasjon.

Revisor. PricewaterhouseCoopers DA blei samrøystes attvald.

Ordførar i Representantskapet. Som ny ordførar i Representantskapet blei Kåre Hauge samrøystes vald ved akklamasjon.

Valkomité – 1 år

Kjerstin Ropeid, Mindor Jelsa og Arne Øvstebø blei samrøystes attvalde ved akklamasjon. Mindor Jelsa blei attvald til **leiar i valkomitéen**.

Budsjett og arbeidsplan for 2008 blei lagd fram til orientering.

Eventuelt

Enkeltspørsmål frå representantane blei svart på etter kvart i møtet.

Styreformannen takka Steinar Borgen for innsats og engasjement som ordførar i Representantskapet, og overrekte han ei bokgåve.

Møtet blei avrunda med eit enkelt måltid.

ARBORETPRISEN

Arboretprisen blir delt ut til personar, institusjonar og bedrifter som i særleg grad har gjort Arboretet tenester. Prisen får sitt synlege uttrykk i ein liten bronsemodell av inngangsportalen.

Følgjande har til no motteke prisen:

1990	Sandnes Sparebank	1997	Esso Norge
"	Johan Eik	"	Kverneland Underhaug
"	Sjur Svaboe	"	Stavanger tekniske fagskole
1991	Torstein Braut	1998	SpareBank 1 SR-Bank
"	Arne F. Bryne	1999	Sven Åsland
"	Ingebret Folkvord	"	Lions Club Sandnes
"	Tormod Hagen	"	Lions Club Sandnes Ganddal
"	Alf Klingsheim	"	Lions Club Sandnes Høyland
"	Torleiv Todnem	"	Lions Club Sandnes Riska
"	David Vatne	"	Lions Club Gjesdal
1992	Einar Biørn-Hansen	2000	Osmund Nygaard Hove
"	Jon Gjedebo	2001	Leif Refsnes
"	Jonas Nygaard	2003	Egil Skadberg
"	Anton Thomsen	2005	Statskog
1993	Lyse Kraft	2006	Sigurd Aarsland
1994	Conoco Norway	"	Sven Halsne
"	J.J. og Lars Øglænds fond	2007	Bjørn A. Stangebye (forgylt spesialutgåve)
1995	Einar Søndeland		
"	Alf Hansen		Arboretprisen blei ikkje utdelt i 2008

TILSETTE

John Ivar Lima, driftsleiar. Tilsett 09.02.1987.

Anne Lise Tyssebotn Gjesdal, kontormedarbeidar, 40 % stilling. Tilsett 01.04.1988.

Olaug Marie Høie, kontormedarbeidar. Tilsett 26.03.2001.

Endre Hodnefjell, hjelpearbeidar, 58 % stilling. Tilsett 21.10.1985.

Jøran Oseland, teknisk ansvarleg. Tilsett 01.04.1992.

Lee Johnsgaard Hinley, fagarbeidar. Tilsett 01.04.2008.

Gjesdal var tilbake 1. august etter 16 mnd. sjukemelding.

I tillegg til denne arbeidsstokken disponerer vi 40 % av ein forskarstilling. Finn Ervik har hatt stillinga som vitenskapeleg medarbeidar frå 01.09.2004. Fram til 15.08.2008 var det Bioforsk Vest Særheim som administrerte denne stillinga. Etter denne datoen inngjekk Arboretet ein ny avtale med Arkeologisk museum i Stavanger. Ervik hadde permisjon 01.01.–15.08.2008.

EKSTRAHJELP

Irene Birkeland, student, vaskehjelp

Hege Førde Tjessem, skuleelev, vaskehjelp, starta i oktober 2008

Anna Byberg Ravndal, student, vaskehjelp, slutta hjå oss i juli 2008

Sigmund Oseland, student, sommarhjelp i 5 veker.

Øyvind Steira, student, sommarhjelp i 6 veker.

Margit Reiersen, student, sommarhjelp i 4 veker.

Ingrid Høie Vadla, skuleelev, hadde arbeidspraksis 4 dagar i oktober.

DUGNAD

Lærarar og elevar frå **Gand vidaregåande skole** har også dette året hjulpet oss med fleire ulike arbeidsoppgåver. Lærar Helge Mattingdal har, saman med kollega Marie Louise Schultz Lea, hatt ansvaret for denne ordninga med arbeidstrening for ei mindre gruppe elevar. Dei er godt kjende i området her, og greier seg sjølv for det meste. Slik arbeidshjelp er nyttig for oss, samstundes som dette er bra praktisk øving for dei involverte elevane. Det er alltid hyggeleg når eit samarbeid på denne måten er til gjensidig nytte. Dei hjelper til med framdraging av greiner, utlegging av grus på vegane og av flis på stiane, kapping og utkøyring av ved, og klargjering av smååpene som vi brukar til vern mot rådyr.

Sandnes Rotary Klubb deltok på dugnad 6.mai. Dei hjulpte oss med framdraging av tørrgreiner i området ovanfor Tverrgangen.

I samband med juletrasalet hadde vi stor glede av den gode dugnadshjelpa vi fekk frå Marit Albretsen og Jørgen Tengs-Pedersen.

Vi vil også peike på innsatsen til dei ulike **Lions-klubbane** som vi samarbeider med. Heilt sidan 1990 har Arboretet nytt godt av mykje velvilje og frivillig innsats som har gitt viktige inntekter til Arboretet gjennom så mange år.

ARBORETVENNENE – AKTIVE VENNER

I 2007 gjekk ei gruppe entusiastiske personar med Eli Margrete S. Stølsvik i spissen med å få i gang ei aktiv venneforening til beste for Rogaland Arboret. Ei «**utegruppe**» blei oppretta for å arbeide med praktisk dugnadsarbeid i Arboretet, og gjorde ein god innsats då dei i mars 2 dagar var i arbeid med hogst og rydding av bjørk langs Fjellveien.

«**Aktivitets- og markedsføringsgruppa**» var svært aktiv i starten på året, og arrangerte ein «4K-dag» den 9. mars. Her var det både poesi, kunst og ymse andre innslag. 20. april arrangerte dei «Treets dag», der dei som møtte fram fekk læra om Bonsai, og det var gjennomført guida vandreturar.

På begge desse arrangementa var det sal av diverse Arboret-relaterte artiklar. Det er produsert dekorerte handlenett, fine bruksting av tre, samt dekorative plakatar.

Desse arrangementa har resultert i ein del god omtale i pressa.

Positiv omtale og dekning i media er rein bonus og flott gratisreklame for Arboretet, og viser ofte igjen ved ekstra godt besøk.

FAGKONTAKT OG FORSKINGSSAMARBEID

Heile det 565 daa store området som Arboretet disponerer, leiger vi av **Statskog**.

Statskog eig grunnen og den delen av skogen som blei planta før Arboretet blei etablert. I alle år har vi nytt godt av Statskog sin velvilje og gode evne til samarbeid. I spørsmål som gjeld våre behov for hogst av regulære skogsplantingar, har dei alltid teke omsyn til våre behov. I praksis betyr dette ofte at vi kjøper av Statskog det tømmeret som blir lagt ned i slike skogfelt. Dette foredlar vi vidare og kan selje som ferdigved som skaffar oss tiltrenge inntekter.

Samarbeidet med Stavanger botaniske hage har vore til nytte på fleire område, med utveksling av informasjon om fagarbeid og driftsopplegg. Vi dreg stor nytte av den faglege kompetansen og mangesidige erfaringa til vår vitenskapelege medarbeidar Finn Ervik. Det etablerte trekant-samarbeidet blei i løpet av året endra, og er no samansett av **Stavanger botaniske hage** (Stavanger kommune), **Arkeologisk museum** (Universitetet i Stavanger) og Rogaland Arboret.

Til den internasjonale frølista for botaniske hagar og arboret, Index Seminum, har vi samla frø av 22 ulike artar. Frølista blir lagt ut på nettet, eit arbeid som blir utført i samarbeid med Stavanger botaniske hage.

Arboretet har gjennom fleire år hatt ei god fagleg støtte i arbeidet gjennom kontakten med direktør Per Harald Salvesen ved **Det norske arboret på Milde** (ARBOHA). Vi er glade for det han på denne måten tilfører institusjonen vår som medlem i Fagutvalget.

Rapport fra vitenskapeleg medarbeidar

Som foregående år var arbeidet med informasjonsopplegget i 2007 knyttet til hjemmeside og arboretguide.

Mot slutten av høsten 2008 trappet vi opp arbeidet med å få lagt inn aksjonsdata i Iris- databasen. En større innsats på dette området har vært utsatt i flere år i påvente av bredbåndforbindelse og arbeidskraft (bredbåndforbindelse er nødvendig ettersom dataene lagres på en server i Stavanger kommune). Situasjonen med alle aksjonsdata kun tilgjengelig på papir har imidlertid så store ulemper at Ervik nå har startet dette arbeidet via kontoret til Stavanger botaniske hage.

Lindeprosjektet fikk 50 000 kr fra Genressursenteret til forsøk med vevsformering av linde-materialet ved Gartnerhallens eliteplantestasjon på Sauherad. Målet var at denne metoden skulle gjøre det mulig å produsere det ønskede materialet til etablering av forsøksfelt og *ex situ* samling. Eliteplantasjonen fikk material i tre omganger, men klarte, mot forventning, ikke å få vevskulturen til å overleve. De vurderer at det er lite tjenlig å gå vidare med denne metoden. Høsten 2008 ble det samlet inn luftavleggere fra 2007. Dette var utsatt fra høsten 2007, på grunn av lite tilslag. Mesteparten av materialet var utgått, sannsynligvis på grunn av lysmangel i et etter hvert tettvokst oppfomeringsfelt. Materialet som hadde overlevd (for det meste langs kantene og der lyset ellers slapp til), hadde overraskende god rotdannelse: 47 av 51 avleggere (92 %) hadde røtter. Dette materialet ble lagt i torv og satt på kjølelager.

UNDERVISNING OG INFORMASJON

Eit prosjektarbeid ved 6. klasse ved Bogafjell skole hadde namnet «Kunnskapens tre». Ei eik ved krysset Eikestien/Poppelstien blei vald som utstillingstre, og dei fekk formidla mykje kunnskap om treet og ulike organismar knytta til dette.

9. klasse ved Høyland ungdomsskole med 150 elevar var på besøk 25.mai. Dei gjennomførde ei eiga naturløype med 12 postar. Porsholen skole var på besøk 28. mai, og brukte området aktivt, inkl. læremidla som står disponible i Aktivitetshuset.

Arboretet er stadig i bruk av ulike skular i området, særleg i mai/juni. Nokre skular har sitt eige opplegg, andre tek turen hit som ein rein skuletur.

UNDERVISNINGSGRUPPA

Undervisningsgruppa sitt primære siktemål er å gjere Rogaland Arboret meir tilgjengeleg som arena for undervisning. Dei siktar seg inn på elevar og lærarar i grunnskulen, men også på lærarstudentar.

I 2008 har dei arbeidd med ulike saker knytta til dette. Finn Ervik deltok som utstillar på skulemøtet i november med aktuell informasjon om Arboretet. Han presenterte m.a. ein publikumsvennleg og populær konkurranse om ulike treslag.

Gruppa har også fått utarbeidd og produsert bordkort som skal brukast i kafeteriaen. Tanken er at dei skal gjenspegle skiftinga i naturen gjennom året, med bilete og tekst. Korta skal etter planen skiftast ut kvar månad. Gruppa har lagt ned mykje arbeid med å få til fagdagar i Arboretet, og den første av desse er planlagt til vårparten 2009.

Informasjonsprosjektet

Styret har initiert og lagt opp til eit 5-årig program (2006 – 2010), der informasjonsarbeid og kunnskapsformidling skal vere satsingsområde. I eit slikt opplegg ligg det store utfordringar, og det vil vere eit betydeleg løft som vil kreve mykje av både tid og kostnader. Prosjektet blir finansiert ved bidrag frå 5 av våre støttespelarar. Sjå under «Støtte til Arboretet».

Det har også i år blitt lagt ned mykje arbeid med Arboretguiden, både tekst- og kartarbeid. Det har særleg vore Ervik som har arbeidd med denne, og det merkast godt at han har hatt permisjon i ein periode. Størstedelen av arbeidstida hans har gått med til dette arbeidet, som no nærmar seg slutføring.

GENERELT PLANTEARBEID

Oppal og **oppfølging av plantematerialet** i ulike fasar og på ulike nivå krev også sin del av innsatsen.

Plantene i veksthuset skal ha tilsyn og stell, som såing, prikling, beskjæring, vatning, gjødsling og ompotting.

Redusert mannskap over lengre tid gjorde at det dette året berre blei planta ut eit fåtal planter.

Vi gjødslar plantingane ein gong pr. år, og i 2008 blei det spreidd ut 2000 kg av den beinmjøl-baserte gjødseltypen Marihøne Pluss.

Rogneprojektet: Arbeidet med å skaffe nytt plantemateriale av rogn og asal heldt fram. Det er ei stor utfordring å spore opp seriøse leverandørar av sjeldant plantemateriale i samband med slike spesialbestillingar.

Å importere levande plantemateriale av rogn krev spesialdispensasjon og avtale om direkte innkvartering i karanteneveksthus for 2 vekstsesongar.

Utpå sommaren kunne vi hente plantene som var frigjort frå karantene hjå Bioforsk Øst Kise på Hedmark.

Drift og utvikling av eit arboret krev ei nitid og mangesidig oppfølging. Kvar årstid set sine særlege krav til arbeidet og legg føringar i måten dei mange oppgåvene må løysast på. Etter kvart som samlinga blir meir omfattande, går ein stadig større del av tida vår med til reint vedlikehald.

Det er planta ut 200 stk gran ved Tverrgangen/Krokgangen som er tenkt til juletre.

I år er trea langs Bekkefaret og buskane/trea langs Grevlingveien nær Aktivitetshuset blitt tilbakeskorne, likeeins langs grensa mot naboen ved Grevlingveien/Harestubben.

Vi har måtta lære oss å leve med eit ikkje lite **etterslep** av diverse urealiserte oppgåver. Ein må stadig prøve å finne fram til ein lagleg terskel og prioritering for dei ulike gjeremåla.

Vi nyttar framleis små hotellsåper innpakka i plast førebyggjande **mot rådyrskader**. Denne metoden har vi praktisert systematisk kvart år sidan 1992.

I Arboretet er det i hovudsak bukkane si feiing på stammer og greiner som er problemet.

Ettersom såpene virkar forstyrrande inn på duftsignala hjå bukkane, har vi jamnt over hatt tilfredsstillande effekt av desse. For at vi skal ha håp om å oppnå den same verknaden framover, er det avgjerande viktig at jakttrykket blir halde oppe i området rundt Arboretet.

På den måten kan vi ha håp om at det vil kunne gå føre seg ei kontinuerleg uttynning av godt tilvante bukkar.

Heldigvis har vi lite problem med beiteskader, og i praksis viser det seg at såpene har dårleg effekt som vern mot svoltne rådyr.

Dei plantane som er mest utsette for vinterskade, blir rutinemessig dekkja med granbar.

Trass i tørkeperioden i april og mai, gjorde eit lite antal nyplantingar sitt til at vi slapp unna med berre mindre vatning. Likevel vart det vatna i Magnoliahagen, deler av Rhododendron-dalen og litt av Lønneåsen første veka i juni.

Uønska vegetasjon

Ein viss hogst og tynning i etablerte plantefelt må til, men byr også på utfordringar. Når det seige og brannfarlege graset blåtopp får meir lys, må ofte lyngvekstane vike. Blåbærlyngen taper oftast kampen, noko som er lite gunstig for mangfaldet og skaper ein større trussel m.o.t. brannfaren. For å dempe litt på tempo og omfang i denne prosessen, prøver vi å leggje opp til ei meir suksessiv og balansert uttynning i dei ulike trebestanda.

Slike opnare felt fører óg til større oppslag av gras- og krattvekstar.

Dei planteslaga vi definerer som uønska vegetasjon, kan vere så mangt. Ein god del villartar vil også kunne bli omfatta av ugrasbegrepet. Ryddesaga blir stadig viktigare i kampen for å halde bringebær- og bjørnebærkratt, geiterams og brannfarleg blåtoppgras nede. Dette er vekstar med invasive eigenskapar som vi i mange samanhengar definerer som **villugras**.

I sommarsesongen går mykje tid med til å begrense og kutte ned store areal med høgvaksn vegetasjon, og vi køyrer 2 ryddesager i parallell drift. Etterkvart som fiberinnhaldet i plantene aukar på utover sesongen, blir også arbeidet med ryddinga tyngre.

I år har det særleg vore mykje grasslåing i felta for Norske treslag, Trollhasselfeltet, Bambus- og Bøkefeltet, Syrinfeltet, Lønneåsen, Rognefeltet og Parken, men mange fleire område kunne vore nemnde.

Brysame **kulturugras** rundt omkring i plantefelta er ei stadig utfordring. Dette gjeld særleg åkersnelle, skvallerkål, løvetann, strandvindel, stornesle, strandrøyr og tistelartar. Det er avgjerande viktig at slike ekspansive planteslag blir haldne under kontroll.

Ein stor del av arbeidet i sommarsesongen består i å prøve å halde slik vegetasjon på eit nokonlunde akseptabelt nivå. Somme av artane er klart vanskelegare å handtere enn andre, og slike må vere under spesielt oppsyn.

Ved bruk av innkjøpt kulturjord har vi ikkje alltid like god kontroll med innhaldet av eventuelle rotugras som kan bli plagsame.

Både gamle og nye felt skal følgjast opp, og vi merkar godt at arbeidsstokken skulle vore større.

Dammar, vegar og plenar

Arbeid med å hindre **tilgroing av dammane** høyrer med til dei mange oppgåvene ute i felten. I år har vi luka i dunkjvlene i den vesle dammen nedanfor Fossedammen for å hindre at dei tok heilt overhand. Fiskedammen måtte det renskast grundig opp i, og fisketrappene nedanfor fekk same behandlinga. Samstundes med lukearbeidet får vi fjerna mykje slam, noko som seinare blir nytta som eit godt dyrkingsmedium. Det er også luka og reinsa i Madammen. Sidan denne dammen er grunnare blir arbeidet her meir krevande, då plantane sit fastare.

Det store **sti- og vegnett**et er alltid ei stor utfordring og krev stadig reparasjonar og vedlikehald.

For å hindre større skadar ved store nedbørsmengder er det lagt ned mykje arbeid med tilsyn og opprensing av mange grøfter, røyr og stikkrenner. Likevel er det ikkje til å unngå at slukt av og til skjer. I oktober var det store mengder eikelauv som hadde tetta røyr under Solstien, og resultatet var skadar på vegen med etterfølgjande reparasjonsarbeid.

Vegetasjonen langs vegkantane kryp innover, og fører ofte til ein ugunstig vegprofil som resulterer i dårleg avrenning for overflatevatnet. Store mengder jordfast stein i underlaget kompliserer effektiv bruk av vegskrape.

Bekkeløpet var i ferd med å grave seg inn i vegen ovanfor Øvre Dam. Dette er blitt lagt om og sikra med stein, og har fungert greit i ettertid. Drenskummane på P-plassane og langs Solstien har blitt grundig reinska opp og tømde for grus og sand.

Før vi går i gang med oppstart av **plenklyppinga**, blir alle plenflatene raka og reinska for småstein, kvistar og konglar. Etter to sesongar med Ventrac-klypparen kan vi konstatere at denne fungerer godt, men nok fører til større slitasje, særleg der grassvoren er tynn eller svak. For ikkje å føre til større påkjenning på maskinen enn naudsynt, måtte det fjernast ein del overflatestein i Parken og på Stevneplassen. Det blei ganske mange hol å fylle, så arbeidet tok tid.

Rydding og hogst

Hogst, oppstamming og rydding av lauvkratt og annan høg vegetasjon er viktig for å gje rom og plass for arboretplantingane. Desse oppgåvene er stadig tilbakevendande. Slikt arbeid krev i sin tur oppfølging med å dra fram alt av kvister og stammar til vidare behandling i fliskuttar eller vedmaskin.

Dette arbeidet er grunnlaget for svært mykje av det som blir utført gjennom andre delar av sesongen.

Sidan all framdraging av småstokkar, greiner og kvist går føre seg manuelt, veit vi at dette arbeidet tek tid. Di meir rydding og hogst, di meir tid til opprydding.

Det er i år rydda og hogge gran langs grensa ved Fossedammen, og bjørk og andre lauvtre i området ved Heggstien/Via Bella og øvre del av Langgangen/Eventyrveien. I det sistnemnde området er det også fjerna ein del sitkagran.

Dei fleste blågranene i området ved Baksmett/Tyttebærhaugen hadde fallert både i trivnad og kvalitet gjennom mange år. Konsekvensen av dette var at dei fleste blei fjerna. Ei liknande vurdering blei gjort med omsyn til fleire enkelttre i Rognefeltet og på Lønneåsen.

Hogst av større furutre har funne stad i skråninga nedanfor det gamle Lindefeltet ved David Vatnes vei. Det er utført radikal tynningshogst av bergfuru mellom Revestien og Parkveien. Med tanke på framtidige sitjeplassar ved flotte utsiktspunkt, er det stamma opp, tynna og hogd i granfeltet vest for nedre del av Svingen. Nær grensa mot kjelva til Harald Kyllingstad er det også hogd diverse tre.

Elles er det utført ryddingshogst i juletrefelta ovanfor Tverrgangen.

Arbeid med **rydding av lauvkratt** har dette året særleg gått føre seg i følgjande område:

På Lønneåsen, langs Vassvikveien, ved Baksmett, ved Tverrgangen og Rundgangen, ved Tjørnveien, ved Utsikten, ovanfor Solstien, i området mellom Tjørnveien, Solstien og Skittjørn, i gamle Kastanjefeltet, på Tyttebærhaugen, ved Rådyrstien, ved Fossedammen og Øvre Dam, ved Urtidstrefeltet, øvst i Rhododendronaldalen, på myra mellom Myrstien og Sigurd Aarsland-stien og i Prydkirsebærfeltet. Det er i løpet av sesongen også fjerna bjørnebær- og bringebærkratt langs mange av stiane, særleg i øvre del av Arboretet, samt mange frøplanter av sitkagran.

Året starta med ein kraftig storm 5. og 6. januar, som la ned fleire store graner ved Vassvikveien og i Glørsens Minne. Fleire av desse vart liggjande tvers over Via Bella. Dette medførde framdraging og utkøying av grove tømmerstokkar. I nedslaget kvesta desse vindfalla ein god del untre, så også desse måtte ryddast i. Stormen viste óg godt att i Sitkagranskogen, der fleire tre rotvelta og bles skeive. Dette resulterte i ein god del tyngre rydde- og avvirksarbeid. Vi hadde stor nytte av den lånte vinsjen og tømmervogna vår i alt dette tungarbeidet. Den neste stormen kom alt natt til 19. januar, heldigvis utan skader. Dette syner kor vanskeleg det er å detalj-planlegga ved ein institusjon som vår.

Ved bruk av vinsj og tømmervogn med kran har **arbeidet med tømmer og vedstokkar** blitt langt meir rasjonelt og mindre belastande. Tømmervogna blir også aktivt nytta under sjølve vedproduksjonen, med betre effektivitet og mindre belastning som resultat.

Flis

Resultatet av hogst- og ryddearbeidet blir mengder av flis. Dette er ein ressurs som vi fører tilbake til naturmiljøet på ulike måtar. Flis utan for mykje innhald av blad og nåler nyttar vi som topplag på småstiane rundt omkring. Til slikt bruk må det fornyast jamnleg, gjerne 2-3 gonger i løpet av året.

Flis som har blitt lagra ei tid, blir nytta ein del til jorddekking rundt plantene for å dempe oppslag av uønska vegetasjon. I samband med nyetablering av planter kan eit slikt dekke vere avgjerande for suksess ved at den er eit effektivt vern mot uttørring.

Flisa virkar dessutan isolerande, men dette kan også slå negativt ut ved at jorda rundt plantene blir seinare oppvarma om våren.

Brannfare

Kvar vår finn vi brukte eingongsgrillar rundt om i Arboretet. Dette uroar oss sterkt, og viser oss kor viktig det er å minne folk om brannfaren. Åtvaringsplakatar er sett opp fordelt rundt om i heile Arboretet. I tillegg hengde vi ut 6 nye skilt i mai.

Den **2,2 km lange vassleidninga** (kombinert brannslökkings- og vatningsanlegg) må følgjast opp med klargjering om våren og tømning utpå hausten.

Den årlege kontakten med både brannvesenet og Sivilforsvaret er veldig viktig for at dei skal vere best mogeleg oppdatert om forholda og gjere seg kjende med området og opplegget.

BYGNINGAR OG ANLEGG

Med dei driftsmidlane vi gjennom åra har bygd opp i Arboretet, er det sjølvsagt at vedlikehalds- og reparasjonsarbeid vil bli meir omfattande etter kvart. Det er gjennom året utført slikt arbeid i bygningane og garasjane, på diverse utstyr, reiskap, motorsager, maskinar osv.

Aktivitetshuset blei sett opp i 1989, og nærmar seg altså 20 år. Det er difor naturleg at det må påreknast ein del utskifting- og fornyingsarbeid, og at vi også må skaffe nytt utstyr.

Det er montert nytt overspenningsvern på det elektriske anlegget, etter at det gamle var defekt.

Alarmanlegget både i Aktivitetshuset og i driftsavdelinga blei bytta ut og oppdatert. Det måtte skaffast ny slange til sentralstøvsugaren i Aktivitetshuset.

Det har lenge vore behov for større kjølekapasitet ved utleige. Dette fekk vi retta på då vi i mars kjøpte og monterte eit nytt, stort kjøleskap i kjellaren. Dette er på heile 700 l, og vil nok letta situasjonen for våre mange leigetakarar.

Ved utleige og kafeteriadrifta er det svært viktig at både vasskvalitet og vassmengde fyller dei krava det er rimeleg å setje. Dette medførte at brønnen blei grundig vaska og reingjort i februar. Det er viktig å ha kontroll med brønnvatnet, og dei føreskrivne prøvetakingane må gjerast jamnleg.

Utpå hausten måtte vi skaffe og montere ein ny varmtvass tank i Aktivitetshuset. Vasspumpa i Aktivitetshuskjellaren og varmpumpa har fått naudsynt vedlikehald. Det er også utført ei modifisering av kaffiautomaten i Kafeteriaen for å gjere han lettare å bruke.

På kontoret har vi hatt problem med den gamle kopimaskinen vår. Det var difor ein gledeleg dag då vi i november kunne kopla til vår nye maskin, ein Konica Minolta Bizhub.

Det var på høg tid å få på plass ei ny bru i Rhododendronaldalen. I midten av mai kunne Jørn setje opp ei ny og fin bru av stokkverk.

Arbeidet med å leggje til rette for auka utleige av **Tømmerhytta** heldt fram i dette året. 5 nye bord er på plass i løpet av året, og vi har fått eit utleigelokale her som høver svært godt til litt mindre og gjerne meir uformelle samkomer. No er det plass til om lag 30 gjester i hyttelokalet.

Også i **Blokkhuset** er det stundom behov for utskiftingar. Då varmtvasstanken rauk i februar, måtte han erstattast med ein ny. I **veksthuset** havarerte luftelukemotoren.

Kontor og administrasjon

Via telefon og e-post får vi i fanget mange spørsmål av ulike karakter som kan vere svært så utfordrande å finne svar på. Ein institusjon som Arboretet må nok berre avfinne seg med at dette er faktorar som fører til ei viss fragmentering av arbeidstida. Likevel er det litt av ei utfordring å skulle svare på spørsmål om alt frå kulturhistorie, dyrkingsråd, krav til veksestad, eigenskaper, utbreiing, artsmangfald og -karakterar m.m.

Situasjonen på det vesle kontoret er mildt sagt pressa. Her skal tidvis husast både 3 og 4 personar, saman med det faste inventaret på 2 – 3 PC-ar, sentralbord, arkivskap, skannar, faks, kopimaskin og biblioteket vårt!

På grunn av den sprengde situasjonen på kontoret, må vi ty til ulike naudløysingar. I kjellaren har vi eit lite rom utan vindaug på om lag 6 m² som tidlegare har vore nytta til lagerrom. Dette har vi no fått tilpassa slik at det er råd for eit menneske å sitje der og arbeide i kortare periodar, m.a. er det lagt inn telefon. Dette rommet, som vi kallar «Hållå», har sine avgrensingar, men kan i alle fall hjelpe litt på kontorsituasjonen enkelte dagar.

Delvis på grunn av dette har vi klart å presse inn endå noko hylleplass på kontoret, slik at **fagbiblioteket** vårt enno har litt rom. Å ha tilgang på oppdatert faglitteratur er vesentleg i det å kunne arbeide med å utvikle Arboretet, og leggje til rette for forskning, formidling og undervisning. Nær tilgang til solid litteratur er også avgjerande viktig under arbeid med planlegging og utvikling av felt for nye plantegrupper.

Vi arbeider kontinuerleg med å utvide blioteket vårt ved å skaffe oss relevant litteratur, som diverse botaniske leksika, oppslagsverk, floraer, plantegrupper, monografier m.m. For å kunne gjere oss best nytte av litteraturen, må denne registrerast og systemiserast etter kvart som nye titlar kjem inn. I løpet av dette året har biblioteket auka samlinga til 1100 titlar. Bøkene er katalogiserte og dermed søkbare på både forfattar, tittel og emne. For å halde oss oppdaterte, abonnerar vi på diverse **tidsskrift**, som også tener som inspirasjons- og idékjelder i arbeidet vårt. For tida er tidsskrifta lagra på opphaldsrommet i Driftsavdelinga, men dette er inga ideell og varig løysing.

Ei dagleg kjelde til frustrasjon er mangelen på breibandstilknytning. Den mobile breibandsløysinga som blei montert i 2007, viste seg å vera langt frå god nok. Vi håpar sterkt på ei snarleg løysing av dette problemet, og har fått signal om at det skal vere på plass i løpet av sommaren 2009.

Kontoroppgåvene har etter kvart blitt mange og kan tidvis variere mykje frå den eine dagen til den andre. Evna til prioritering og tilpassing blir sett på prøve når dagsplanar og opplegg må vike for andre ting som plutselig dukkar opp.

Dei «usynlege» daglege oppgåvene som administrasjon, koordinering og tilrettelegging er ikkje minst viktige, og er ofte basisen for at resten av drifta skal fungere.

Fortløpande **administrativt arbeid** omfattar m.a. forslag til budsjettoppsett og økonomisk oppfølging, utarbeiding, kopiering og utsending av årsmeldinga. Andre oppgåver er fakturering, kontering, førebuing og utsending av styresaker inkl. oppfølging av aktuelle saker, diverse planarbeid, korrespondanse og arkivering. Oppdatering av diverse lister inkl. Arboretvennene høyrer også med til dei faste kontoroppgåvene.

Oppfølginga i samband med utleige og kontroll med vask og reinhald er andre viktige oppgåver.

Kjøkkenutstyr og servise må jamnleg kontrollerast for å sikre ein god standard for leigetakarane.

Alle dei gode tilbakemeldingane vi får, oppmuntrar og inspirerer til å halde fram i same sporet.

Arbeid av meir plantefagleg karakter kan vere oppgåver som løpande kontakt med vår vitenskaplege medarbeidar og andre fagkontaktar i ulike samanhenger. Ein god del tid går med til registreringsarbeid i felten med innlagring av data, komplettering av plantekart, utplantingslister, koordinatarbeid, planteplanar, etikettlister og etikettering.

Maskinar og utstyr

Alt av traktorar, maskinar, verktøy og utstyr elles krev sin del av ettersyn, vedlikehald og reparasjonar. Det er ikkje til å unngå at alder og slitasje gjer seg gjeldande. Større reparasjonar og hovudservice får vi heldigvis utført eksternt. Arbeidsmengda som følgje av teknisk svikt er likevel stor og aukande, og driftsstans kjem alltid like ulagleg.

Det betyr mykje å ha tilsette som kan utføre akutte reparasjonar og finne praktiske løysningar i den daglege drifta. Å ha eige kompetent mannskap som kan tilpassa praktiske løysingar etter behov, gjev oss ein god gevinst.

I løpet av året er det utført ettersyn og vedlikehald på diverse maskinar og utstyr.

New Holland-traktoren blei kjørt til hovudservice.

Dørlåsane på MF362 og gravemaskinen er reparerte og vedlikehaldne.

For å hindre flis og flisstøv i å trengje inn bak på traktoren ved fliskutting, fekk Jøran laga til ei «hekk-gardin» til NH-traktoren. Han laga også 4 transportkassar til alt ekstraustyret til å feste på tømmervogna, MF362 og til vinsjen.

I den nymonterte dieseltanken vår blei det sett inn tilbakeslagsventil.

Tømmervogna har gjennomgått ei tilpassing, der hydraulikkventilen er flytta, og styrespakane er montert på eit eige stativ. Dessutan har vogna fått ei tilpassing for bakkrok.

Både fliskuttar, vedmaskin og traktortilhengar har fått utført fortløpande vedlikehald.

Flistilhengaren er blitt fornya med ein ny eigenprodusert framkarm.

Nytt effektivt batteri til gravemaskinen med 1,5 x større kapasitet førde til ein slutt på startproblema vi hadde hatt på denne over lang tid.

Vi måtte også skifte batteri i den gamle Kubota-klypparen.

Ventrac-plenklypparen var til årleg service hjå forhandlaren. I løpet av klyppesesongen blei det skifta dekk, wire mellom hydrostatmotorane og hovudreim til aggregatet.

Det blei kjøpt nye dekk til Toyota pickup, og bakluka blei reparert.

Dei to ryddesagene våre får kjørt seg hardt på all grasryddinga gjennom sesongen. Vi måtte skifte ut den eine, og skifte clutch på den andre. Jamnleg vedlikehald av motorsagene høyrer også med i den kalde årstida.

Det er også kjøpt inn ei bensindriven hekksaks.

Av lettare handreiskap blei stongsaga og fleire spadar og greiper reparerte.

FORSKJELLIG

Arboretet har i løpet av året hatt dialog med Statskog og Sandnes kommune angående Markaplanen i samband med våre ynske om framtidig utviding av arealet.

Dei 2 informasjonstavlene som står ved Solstien og ved Aktivitetshuset var både nedslitne og ramponerte, og måtte skiftast ut.

I samband med **Kulturbyen Stavanger 2008** har vi hatt fleire arrangement. Fredag 20. juni hadde Tor Kvammen med band kveldskonsert. Lørdag 20. august fekk folk i Arboretet ta del i eit anna kulturarrangement. Då var Nina Næsheim og Janis McKay her med utandørs-førestillinga «Tales Across the Water». I perioden 12.-28. september var Arboretet vert for utstillinga «Campingvinner».

Det er kjekt at Arboretet kan nyttast også til slike arrangement, men det er klart at vi fort får ein del arbeid med rigging og klargjering.

Fint besøk hadde vi også 6. juni. Då var landbruksministeren på besøk i Arboretet. Statskog og Sandnes kommune var vertar saman med Rogaland Arboret, og programmet baud på både mat i Grindahuset og omvising i Arboretet.

3 tyske gartnarstudentar var på besøk i 3 dagar, og fekk litt praksis og innsyn i drift av eit arboret.

Arboretområdet blir nytta av **ulike foreningar og lag** til diverse arrangement.

Ein av dei faste aktivitetane er rullestølløpet «Full Rulle», i regi av **Lions Club**. Dette opplegget blei gjennomført for 18. år på rad, og blei også denne gongen eit vellukka arrangement. Den lokale musikargruppa «Visegaukene» sørga for at mange fekk ei fin oppleving den første søndagen i mai.

I juni, i samband med «Musikkens Dag», er det også blitt tradisjon at **Skeiene Janitsjar** gleder mange med si framføring ein times tid midt på dagen nær Kafeteriaen.

FN-organisasjonen **TUNZA** arrangerte 17. juni **internasjonal Miljøkonferanse for barn**, og opnings-seremonien var lagt til Arboretet. Det var ca 1100 deltakarar, og av desse omlag 1000 born frå 105 nasjonar. Eit fargerikt innslag!

17. august arrangerte **Rogaland Fuchsialag** si årlege utstilling ved Stevneplassen. Dette er aktivitetar som for mange krydrar eit besøk i Arboretet.

Jærsoppen, vårt lokallag av **Norges sopp- nyttevekstforbund**, har basen for sine mange ulike aktivitetar i Arboretet, og nyttar våre lokale til sine møte, foredrag og kurs.

I løpet av 6 søndagar i perioden 31.august til 5.oktober, tilbød dei alle besøkande gratis soppkontroll ved Tømmerhytta. Dei arrangerte også «Soppens dag» i Tømmerhytta søndag 7. september, med soppstilling, smaksprøver og andre aktivitetar.

«**Arborettrimmen**» er også eit fast innslag utpå hausten. Annankvar laurdag i perioden 25. oktober til 6. desember (4 dagar) arrangerte **Sandnes Idrettslag** eit opplegg som passa både for små og store. Denne aktiviteten har vore eit fast innslag i heile 30 år, og har jamnt over ei god deltaking.

Ein novemberkveld blei parkeringsanlegget brukt til refleksdemonstrasjon for 1. og 2. klassingar.

Heilt sidan 1993 har vi hatt stor nytte og glede av samarbeidet med vår nabo Oddvar Sveta. 2 gonger i året får vi levert fleire store tilhengarlass med tørr og fin separert grisehevd. Dette substratet er nyttig både til toppdressing rundt utvalde tre og til å blande i ein del av plante-jorda.

Arboretet leiger eit mindre areal til jorddeponi i det gamle sandtaket på Bråstein, men det blir arbeidd med å finna eit nytt areal til dette føremålet.

P-automaten krev både vedlikehald og eit jamnleg ettersyn for å sikre drifta.

Ei helg i januar hadde uvedkomande prøvd å ta med seg heile automaten ved å skru av mutrane på sokkelen, noko som var heilt fåfengt. Kamera og PC hadde diverre kopla seg ut akkurat denne helga, så vi fekk ingen opptak av dette. I februar hadde kjeltringar klart å skada kameramasta, og fått instrumenta ut av stilling med slag mot masta. Her fekk vi ytterlegare eit reparasjonsarbeid, med justering og testing av kamera.

Ein lyssokkel ved Blokkhuset blei skada etter hærverk og måtte skiftast ut.

Sjølv om uvedkommande ikkje får med seg kontantar, er alt skadeverket som oppstår ei stor belastning for oss. Det kan bety dagar med kostbart og krevjande reparasjonsarbeid.

Vi får bekrefte at gode tømmerutinar minskar tapsrisikoen til eit minimum.

STØTTE TIL ARBORETET

Vi vil takke alle våre bidragsytarar for store og små gåver!

YIT Building Systems AS, Block Berge Bygg AS, Betong AS, T. Stangeland Maskin A/S og **Kruse Smith Entreprenør AS** har i samarbeid gått inn med støtte til Arboretet med til saman 125.000 kr årleg til **informasjonsprosjektet** vårt. Det er underteikna ein avtale som gjeld for 5 år, t.o.m. 2010.

Velde har levert oss gratis veggrus.

Norsk Naturgjødsel as gav oss 1000 kg «Marihøne Pluss» naturgjødsel.

Osmund Nygaard Hove har i tillegg til dugnadshjelp vore ei god støtte for oss med arbeidet han har utført med tilpassinga av likviditetsbudsjettet til årsmeldinga.

Inge Steenslands Stiftelse har gjeve oss eit bidrag på 50.000 kr øyremerka til ny traktor.

Gunnarshaug Trykkeri AS gjev oss 25 % rabatt ved trykking av årsmeldinga.

Ved utgangen av året hadde vi registrert **205 innbetalingar frå Arboretvennene.**

FRØ ELLER PLANTEMATERIALE ER MOTTEKE FRÅ

Göteborgs Botaniska Trädgård
Reiersøl Planteskole, Froland
Hove Plantesalg, Ganddal

LEVERT PLANTEMATERIALE TIL

Stavanger botaniske hage

ROGALAND ARBORET

Org. nr. 870 920 342

RESULTATREGNSKAP

Driftsinntekter og kostnader		2008	2007
Driftsinntekter	Noter		
Salgsinntekter		170 173	122 961
Leieinntekter		336 600	362 730
Andre inntekter	3	1 873 898	1 836 710
Bidrag prosjekt	4	111 169	311 897
Sum driftsinntekter		2 491 840	2 634 298
Driftskostnader			
Vareforbruk		50 288	19 532
Lønn arb.g.avg. andr pers.kostn.	6	1 644 718	1 572 185
Ordinære avskrivninger	1	32 328	32 328
Andre driftskostnader	7	712 684	751 916
Anvendt prosjekt	5	103 932	321 523
Sum driftskostnader		2 543 950	2 697 484
Driftsresultat		-52 110	-63 186
Finansinntekter/kostnader			
Renteinntekter		510 030	342 739
Rentekostnader		-493	-51
Netto finansinntekter		509 537	342 688
Årsresultat		457 427	279 502
Overføringer og disponeringer			
Bidrag fra Arboretfondet	8	-199 532	-42 256
Tilført egenkapital		656 959	321 758
Sum disponert		457 427	279 502

BALANSE PR. 31.12.2008

Eiendeler		2008	2007
Anleggsmidler	Noter		
Andre anlegg	1	746 475	608 605
Ikke avskrivb.driftsm.	1	20 000	20 000
Transportmidler	1	28 000	37 600
Maskiner	1	9 062	13 598
Sum anleggsmidler		803 537	679 803
Omløpsmidler			
Lager av hefter		29 000	37 000
Kundefordringer		142 548	444 367
Andre korts.fordringer	8	199 532	
Forskuddsbet. kostnader		40 563	35 215
Bankinnskudd	2	8 322 451	7 490 537
Sum omløpsmidler		8 734 094	8 007 119
Sum eiendeler		9 537 631	8 686 922
Egenkapital og gjeld			
Egenkapital			
Egenkap.01.01.		8 209 007	7 887 249
Tilført		656 959	321 758
Sum egenkapital		8 865 966	8 209 007
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		10 918	95 850
Skyld.off.avgifter		141 903	93 932
Forskudd leier		32 300	
Ikke benyttet Prosjekt	4	159 905	96 074
Annen kortsiktig gjeld		326 639	192 059
Sum kortsiktig gjeld		671 665	477 915
Sum egenkapital og gjeld		9 537 631	8 686 922

Espeland, Sandnes, 31.12.2008 / 01.04.2009

Ragnvald Albretsen
Styreleder

Ivar Sørensen
Nestleder

Olav Folkvord

Martha Lea

Ole Harald Myklebust

Gro Persson

Aase Lærdal

John Ivar Lima
Driftsleder

NOTER TIL REGNSKAPET 2008

Note 1. Varige driftsmidler

	Transport- midler	Maskiner	Anlegg	Sum
